
Fra: Runar Fjeldstad <runar_fjeldstad@live.no>
Sendt: 3. juli 2017 21:20
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: SV: SV: SV: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99
Vedlegg: Revidert byggeblankett 5175.pdf; Hus Silje og Yngve-Model kjeller eksisterende hus, med kommentarer.pdf

Hei.

Her kjem som avtalt teikning på kjeller planet på eksisterande hus og ny bygge blankett 5175. Det skal ikkje kjeller på dei nye tilbygga, desse skal stå på ringmur på planert terreng. Kjellaren som er i eksisterande bygg har litt forskjellige innvendige tak høydar, alt frå 210 til 40 cm (kryp kjeller). Har merka dette på teikning og ført inn BRA på det som er over 1,9m.

Håpar du har det du treng no.

Mvh

Runar Fjeldstad
Dagleg leiar
Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS

Mobil: 41 75 82 14

E-post: runar_fjeldstad@live.no

Fra: Marianne Aadland Sandvik <marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>
Sendt: 3. juli 2017 14:40
Til: Runar Fjeldstad
Emne: SV: SV: SV: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99

Hei

Fint! Då blir det lettare for dei som skal føre tiltaket i matrikkelen seinare. Tenkte på blankett 5175, ja – tiltakets ytre rammer.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Fra: Runar Fjeldstad [mailto:runar_fjeldstad@live.no]
Sendt: 3. juli 2017 14:28
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: SV: SV: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99

Hei.

Skal gå ut på eiendommen og måle. Har mest sansynlig gløymt ein ute bod men den er maks 15m2. Men måler opp.

Ordner og tegninger for kjeller og ny Byggeblankett 5175, var da du tenkte på med nytt søknadsskjema sant?

Mvh

Runar Fjeldstad

Den 3. jul. 2017 kl. 14.18 skrev Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

Vi får ikkje tala til å stemme med det som er registrert i kommunen sine kart. I følge vårt kart er eiedomen bebygd med rundt 200 m2 BYA, medan du har oppgitt 171,1 m2. Mulig dine tal stemmer, men kan du ta ein sjekk på det?

I tillegg har vi ingen opplysningar om arealet i kjellaren. I følge teikningane har kjellaren ei takhøgde på 2,13 m, og er dermed BRA. Har du planteikning på den etasjen som du kan sende oss? Fint om du kan sende oss eksisterande BRA og ny BRA også, helst i form av eit nytt søknadsskjema. Du kan sende det til meg på e-post.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

<image001.png>

Fra: Runar Fjeldstad [mailto:runar_fjeldstad@live.no]
Sendt: 3. juli 2017 13:40
Til: Marianne Aadland Sandvik
Emne: Re: SV: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99

Hei igjen.

Eg er klar på at BRA er 93 m2.

Flott vist du fører det opp i søknaden. Er ein glipp fra min side at det ikkje ført opp i søknaden.

Mvh
Runar Fjeldstad

Den 3. jul. 2017 kl. 13.32 skrev Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>:

Hei

BYA og BRA er sjølvsagt ikkje det same, men ettersom du berre hadde ført på BYA på søknaden, og den var oppgjeve med 130,3 m2 antok eg at også BRA var over 100 m2. Viss du er klar på at BRA vert 93 m2 kan eg føre det opp på søknaden for deg. I så fall kan eg handsame søknaden no.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

<image001.png>

Fra: Runar Fjeldstad [mailto:runar_fjeldstad@live.no]

Sendt: 3. juli 2017 13:25

Til: Marianne Aadland Sandvik

Emne: SV: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99

Hei.

Dei 130,3 m2 som er ført opp i søknad er jo BYA (bebyggdareal) altså "fotavtrykket" av huset.

BRA for omsøkt tiltak er etter mi utrekning 93 m2 som er innafor føresegn 3.2.1 til KPA.

Så har med dette utgangspunktet meint at vi var innafor dei gjeldane planane for området.

Har eg missforstått? Er BYA og BRA det samme?

Mvh

Runar Fjeldstad
Dagleg leiar
Fjeldstad & Sandvik TømrerTeam AS

Mobil: 41 75 82 14

E-post: runar_fjeldstad@live.no

Fra: Marianne Aadland Sandvik
<marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no>

Sendt: 3. juli 2017 12:54

Til: runar_fjeldstad@live.no

Emne: Vedr. søknad som gjeld gbnr. 42/99

Hei

Viser til ovannemnde søknad. Egedomen er satt av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen til kommuneplanen (KPA), men har status som LNF spreidd bustad. Dette inneber at det kan tillatast tilbygg og påbygg der samla bruksareal er på inntil 100 m2 i tråd med eksisterande bruk, jf. føresegn 3.2.1 til KPA.

Ettersom det er søkt om løyve til tilbygg på 130,3 m2, må det søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF. Vi avventer vidare handsaming til vi har fått inn ein søknad om dispensasjon.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

<image001.png>